

## NYHEITSBREV – Vestfold og Telemark

Målgruppe: Kommunane og andre samarbeidspartar i fylket.  
Utgjevar: Regionalt støtteapparat v/ Statsforvaltaren, KS, USHT og fylkeskommunen.  
Kontakt: Elisabeth Holte [fmteeho@statsforvalteren.no](mailto:fmteeho@statsforvalteren.no) Mob: 99169716

Nr. 3 - august 2021

### Informasjon om Leve heile livet

Leve heile livet-reforma skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger og ha ein trygg, aktiv og verdig alderdom. Nyheitsbrevet sendast til kontaktpersonane i kommunane, som formidlar brevet i eigen kommune. Brevet er i tillegg lagt ut på Statsforvaltaren si [nettside](#).

### Leve heile livet - strategiperioda forlengast ut 2024

Den alvorlege pandemisituasjonen har sida mars 2020 tatt ressursar og merksemd bort frå reformarbeidet og forsinka gjennomføringa. Det er viktig å ha tid nok til å vere sikre på at ein kjem i mål med alle planlagde, viktige prosessar og at reforma sine mål og intensjonar er integrert i ryggmargen til kommunane etter at reformperioden er avslutta. Regjeringa har difor bestemt å forlengje reformperioden med eit år, ut 2024.

### Handbok for Leve heile livet

Leve heile livet skal gjennomførast i kommunane. For å lette arbeidet, og inspirere fleste mogleg kommunar til å følge opp reforma, er det laga ei [Leve heile livet-handbok](#). Handboka inneheld ei kort innføring i reforma og syner korleis Leve heile livet kan følgjast opp i kommunane.

### Ny handlingsplan frå regjeringa om universell utforming

Regjeringa si nye handlingsplan for universell utforming 2021-2025 inneheld 65 konkrete tiltak på ein rekke sentrale samfunnsområde og har fått namnet "[Bærekraft og like muligheter – et universelt utformet Norge](#)". Handlingsplanen rommar tiltak for både arbeidsliv og fritid, og tar blant anna for seg alders- og demensvenleg bustad- og stadutvikling. Handlingsplanen inneheld og ei rekke tiltak innanfor areal- og samfunnsplanlegging.

### Ny strategi - God og riktig mat hele livet

Feil- og underernæring blant eldre er eit omfattande problem. Nå lanserer regjeringa ein ny strategi, som skal bidra til betre kosthald og gode måltidsopplevingar hos eldre som bur på sjukeheim og eldre som mottar heimetenester: [God og riktig mat hele livet](#)

### Pårørandestrategi og handlingsplan

I desember 2020 la regjeringa fram ein samla [påørørandestrategi og handlingsplan](#). Strategien gjeld for perioden 2021 til 2025. Med bakgrunn i utfordringsbildet, har regjeringa skissert seks innsatsområde i strategien. Samla sett skal desse innsatsområda og tilhøyrande tiltak bidra til å løfte påørørande sin situasjon og til å nå hovudmåla.

## Regjeringa vidarefører [velferdsteknologiprogrammet i 2022-24](#)

- Med stadig fleire eldre og ein mangel på helse- og omsorgspersonell er velferdsteknologi eit viktig tiltak, seier helse- og omsorgsminister Beint Høie. I perioden 2022-2024 er det særleg teknologi til barn og unge med nedsett funksjonsevne som vil bli prioritert, i tillegg til digital heimeoppfølging.

## Høyring - Forslag om investeringstilskot til tryggleiksbustad

Helse- og omsorgsdepartementet sender nå på høyring forslag om å gjennomføre ein [pilot med investeringstilskot til tryggleiksbustad](#) for eldre frå Husbanken. Ein tryggleiksbustad er eit sjølvstendig hushald som gir ei god ramme for å leve eit sjølvhjelpa liv, samstundes som ein gjennom felles opphaldsareal og tryggleik vert gitt sosiale og fysiske tilbod. Det er eit mål at piloten skal legge til rette for at fleire eldre kan bu heime lenger og bidra til fleire egna bustader i distrikta.

## Regjeringa ønsker å stimulere til fleire førebyggjande heimebesøk for eldre

Førebyggjande heimebesøk er ei oppsøkande individretta råd- og rettleiingsteneste til heimebuande eldre. Tenesta skal bidra til auka meistring i eiga liv og redusere framtidig behov for helse- og omsorgstenester gjennom å forebygge sjukdom, skade og einsemd, samt fremme helse, funksjonsevne og deltaking.

### Konferansar og samlingar hausten 2021!

- **27. august:** Senter for omsorgsforskning arrangerer webinar «[Variasjon i tenestene](#)».
- **15. september** kl. 10-16 på Quality Hotel Skjærgården i Langesund. KS Vestfold og Telemark inviterer til kurset: «Korleis analysere og få detaljert innsikt i tenesteområda pleie og omsorg og skole ved hjelp av KOSTRA-statistikk». For påmelding trykk [HER](#)
- **30. september** kl. 12.00 – 15.00: Regionalt støttenettverk inviterer til digitalt nettverksmøte for kontaktpersonane for Leve heile livet i Vestfold og Telemark.
- **1. november:** Senteret for eit aldersvenleg Norge inviterer til nasjonal konferanse med tema samarbeid og partnerskap innan aldersvennleg utvikling.
- **3. og 4. november** kl. 09.00 – 12.00: Pasientsikkerheitskonferansen har som mål å inspirere til arbeid med pasientsikkerheit, reduksjon av pasientskader og forbetring i helse- og omsorgstenesta. Meld deg på [HER](#).
- **4. november 2021** klokka 9.00 - 11.00 inviterer fylkeskommunen sitt Plan & utviklingsnettverk til webinar om aldersvenleg stadsutvikling.
- **17. november:** Årets Leve heile livet-konferanse med utdeling av Leve heile livet-prisen Informasjon kjem i august. Helsedirektoratet er arrangør.
- **17 - 18 november** 1. samling for Gode pasientforløp i Øvre Telemark
- **2. desember:** Fysisk heildagssamling for kommunane i Vestfold og Telemark. Arrangør er det regionale støtteapparatet i Leve Heile Livet.
- **8 - 9 desember** 3. samling for Gode pasientforløp i Vestfold